

Årsmelding Trimgruppa 2014.

Inn under trimgruppa er det mange forskjellige aktiviteter, og det har vore aktivitet i alle gruppene bortsett frå haustsesongen for volleyball på Kløvheim.

10 Fine turar

Det vart i 2014 seld 325 klyppekort og dette er ny rekord. Mange gjekk alle ti turane som var Austlendingen, Husdalsfjellet, Velandseggane, Seterkletten, Gladihaug, Vassberget, Selivarden, Skauseneia, Håøytoppen og Eldsfjellet. Det viser seg at det har vorte ein populær familieaktivitet der alle kan delta. Tilbakemeldingar viser også at fleire har vorte motivert når dei har kjøpt klyppekortet og gått alle turane. Nokre har også kjøpt nytt klyppekort og brukar det som ein motivasjonsfaktor til å gå turane på nytt.

Turorientering

Det vart i 2014 seld 28 konvolutter med kart og fire svarark i kvar konvolutt. Postane var lagt ut i Baståsenområdet med start frå Fammestad og Vassel. Løypa frå Fammestad gjekk i terrenget rundt Oksavatnet og løypa frå skulemuseet på Vassel gjekk til bok-kassen i Baståsen.

Symjing.

Det har vore symjing både vintersesongen fram til påske og haustsesongen frå haustferien fram til jul. Litt få badevakter som kom til livredningskurset som vart halde hausten 2013, men vi har klart og halde tilbudet vedlike. Det har vore bading for vaksne på tysdagar kl. 19:00 - 21:00 og familiebading på laurdagar kl. 13:00 - 15:00. Antall badande har variert, men det er som regel plass til fleire. Dei som nyttar seg av tilbudet let vel og får seg gode trimøkter.

For ungdomskuleelevar vart det halde eit crawlkurs med instruktør frå Modalen.

Aerobics

I gymsalen i idrettsbygget har det vore aerobics mandager kl. 20:00 - 21:00. Antall utøvarar har variert, men rundt femten personer på det jamne. For det meste damer som stiller her, men det har vore representantar frå det mannlige kjønn innom også.

Volleyball

Volleyball Ostereidet: Foregår i gymsalen i idrettsbygget kvar onsdag kl. 20:00 - 22:00. I gjennomsnitt stiller det 12-14 personer med blanding av damer og herrar, mest herrar. Utrulig gøy og sosialt etter tilbakemeldingar å dømme.

Volleyball Kløvheim: Foregår i gymsalen på Kløvheim skule. Mest damer som tidligare har vore med i trimserie. I snitt 6 - 8 personer på trening, så det vart i minste laget. Vart ikkje treningar i haustsesongen. Vil starta opp igjen i 2015.

GubbeTrim

Rundt 10 personer spelar innebandy i gymsalen i idrettsbygget kvar fredag kl. 20:00 - 21:30.